

Velferd og makt til folket



*Bilete frå fagforbundet Industri Energi
sin demonstrasjon 13. juni 2007
for nye kraftkontraktar.*

**Høyanger Raud Valallianse sitt program
for kommunestyrevalet 2007**

RØYST RAUDT - RØYST RV

www.pdf-arkivet.no (2020)

RV sine hovudmål

RV vil ha fleire innbyggjarar i kommunen

RV vil difor:

Bygge ut dei kommunale tenestene innafor oppvekst og omsorg. Vi vil ha slutt på årlege budsjettnedskjeringar som går ut over både unge og eldre, kommunale tenester og kommunalt tilsette.

Sikre arbeidsplassane på Hydro Høyanger. Vi meiner det må skje ved bygging av ein ny hall B. Difor må regjeringa våge å utfordre EU med nye kraftavtalar. Alternativet er at også hall A (og resten på området) vert nedlagt.

Sikre arbeidsplassane ved Tronvik. Vi krev at statsråd Brustad grip inn overfor Helse Førde si trenering av saka.

Meir velferd utan å betale meir

RV krev at staten tilbakefører meir av skatte- og avgiftskronene til kommunane.

I dag går pengestraumen motsett veg – frå kommunane i distrikts-Norge til hovudstaden. Distrikta skaper verdiane og skaffar eksportinntektene – sentralmakta skeivfordeler for å kunne syte for seg og dei rike.

RV sitt første krav er at den raudgrøne regjeringa står ved løfter frå val og frå Soria Moria. Andre krav er at DNA, SP og SV syter for ein skattepolitikk som skil seg radikalt frå høgresida slik at også aksjeinntekter vert skattlagt. Tredje krav er at meir av oljepengane må brukast her i landet.

Det er nokre av dei endringane som RV vil kjempe for. Det vil gjere det mogleg å få til meir velferd i Høyanger kommune utan at det blir dyrare for folk flest som lever på vanlege lønsinntekter.

Bort med asosiale skattar, eigendelar og avgifter

RV vil ha vekk eigedomsskatten på vanlege bustadhus. Eigedomsskatt skal avgrensast til inntektsgjevande eigedom.

RV vil fjerne eigendelane på omsorgstenester og kutte radikalt ned på foreldrebetaling for barnehagar og SFO.

RØYST RAUDT - RØYST RV

Born og oppvekst

Høyanger skal bli ein betre kommune å vekse opp i. RV vil difor arbeide for:

Fleire pedagogiske stillingar i barnehagane.

Gjenoppretting av lærarstillingar nedlagte i budsjettvedtak desember 2006 og etterleving av tidlegare klassedelingsstal.

Ein kontaktlærer pr. maks 15 elevar.

Fleire delingstimar, større ekstraresursar og lågare terskel for bruk av vikar.



Rettt til SFO-tilbod når minst fem treng det.

Leikeplassar og ballbingar i bustadfelt og tettbygde strok.

Helse, omsorg og sosial

RV vil arbeide med desse sakene:

For betre eldreomsorg

Radikalt fleire stillingar både for arbeidstakarhelsa sin del og for å auke kvaliteten i omsorga (meir tid til stell og aktivisering).

6-timars dag

For fjerning av uønska deltid og for prøveordning med 6-timarsdag. For eit arbeidsomfang ein kan leve med og ei arbeidsløn det går an å leve av.

For betre psykisk helsearbeid

Oppretting av psykologtilbod, verna arbeidsplassar/arbeidstrening og bustadar/bukollektiv med miljøarbeidar.

Mot fattigdom

Dei som av ulike gode grunnar treng det, skal ha ytingar å leve av og om nødvendig ei sosialhjelp som sikrar ein fullverdig levemåte.



Ungdom

Det skal vere godt og trygt å vere ung i Høyanger kommune. Difor lovar vi å kjempe for:

Full brukarstyring av "ungdommens hus" i Høyanger.

Fleire faste miljøarbeidar-stillingar.

Auka satsing på ungdomsmiljøa i bygdene, også utanom Høyanger tettstad.

Ei utviding av kulturskulen sine tilbod innan sjangrar som rock og drama.

Styrking av tilboda ved Høyanger vidaregåande skule.

Kultur og idrett

Kultur og idrett er ein berebjelke i utviklinga av kommunen vår. Difor vil vi kjempe for:

Lengre opningstid ved biblioteka.

Auka støtte til frivillige organisasjonar.

Snarleg etablering av Gunnar S. Gundersen-galleri og Tell Teigen-monument.

Opprusting av anlegg og tiltak for idrett og fysisk aktivitet.

Skriving og utgjeving av tettstad-historia for Høyanger kommune.

RØYST RAUDT - RØYST RV

Framtidsretta arbeidsplassar

RV vil kjempe for:

Statleg styring:

Regjeringa må presse Hydro til utbygging av ein ny hall hall B i staden for utanlandsinvestering. Det vil sikre Høyanger si framtid betre enn noko anna enkelttiltak og redusere klima-utsleppa med fleire hundre tusen tonn.

Statleg kraftkontrakt:

Regjeringa må sikre billig kraft til industriarbeidsplassane framfor Statkraft si profittmaksimering. Samfunnsinteresser må prioriterast over enkeltbedrifter sine snevre økonomiske interesser.

Gjenreising av jordbruket:


Statlege tilskotsordningar som sikrar kulturlandskapet gjennom matproduksjon. Eit årsverk i jordbruket må betalast som eit årsverk i industrien.

Offentleg kontroll:

Arbeidet med næringspolitikk, inkludert Høyanger Næringsutvikling, må underleggjast sterkare offentleg kontroll.

Likestilling:

Offentlege arbeidsplassar må verdsetjast like høgt som arbeidsplassane i jordbruk, industri og privat tenesteyting.



Miljøkvalifisering:

Berre verksemder med positiv miljøeffekt skal ha offentleg starthjelp og langsiktig rett til eksistens.

RØYST RAUDT - RØYST RV

Slik har RV jobba

Mot ulovleg hemmeleghald

Overskattetakstnemnda fann at takseringa for eigedomskatt "ikkje er tilfredsstillande god" og sende brev til ordførar og rådmannen om dette. Brevet blei stempla "ikkje-offentleg". Dette ville ikkje RV godta. Etter fire månader fekk vi medhald hjå fylkesmannen.

Mot ulovleg lukking av møte

Det var lagt opp til at budsjettkutta skulle diskuterast på lukka arbeidsmøte. RV nekta å møte på dette møtet og fekk medhald hjå fylkesmannen og Sivilombodsmannen. Møtet blei avlyst.

Eigne budsjettforslag

RV har stilt eigne budsjettforslag – også sjølv om vi veit vi blir nedstemt av DNA og/eller dei borgarlege. Når forslaga blei nedstemt, stemte vi mot heile budsjettforslaget. Dette er eit kjenneteikn på RV – når vi er mot nedskjeringar snakkar vi ikkje mot og stemmer for.

Samarbeid med dei tilsette

Særleg siste åra har RV arbeidd for nærare kontakt med både enkelte tilsette og deira fagforeiningar. Desse kontaktane har gjort det lettare for RV å prioritere mange gode føremål og seie frå om kor og korleis skoen trykker mest.

Vann 4 mnd. lang strid om dokumentinnsyn

■ Vart nekta innsyn ■ Fekk støtte frå Fylkesmannen

OPPLANDER: Etter Rydalen (19) fikk full innsyn i de dokumentene etter at han forklart seg i saken i retten. Dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de. de dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de. de dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de.

SAKA

Etter Rydalen fikk full innsyn i de dokumentene etter at han forklart seg i saken i retten. Dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de. de dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de.

OPPLANDER

Etter Rydalen fikk full innsyn i de dokumentene etter at han forklart seg i saken i retten. Dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de. de dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de.

OPPLANDER

Etter Rydalen fikk full innsyn i de dokumentene etter at han forklart seg i saken i retten. Dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de. de dokumentene som rydalen fikk av høyanger kommun. de.



Faksimile frå Firda

Andre saker

Andre saker som kan nemnast er motstand mot utbygging av Mårenelva og Østerbø-vassdraget, mot den privatiserande stiftings-modellen og mot eigedomsskatt på eigen bustad. RV har også gått inn for auka sosialhjelp-satsar og for reduserte løyvingar til Høyanger Næringsutvikling AS.

Prioriterte hall B

RV har vore utan dei maktposisjonar som har lokka fram meir eller mindre seriøse nye bedrifter. I motsetning til ordførar, rådmann og andre har vi prioritert arbeidet for hall B. RV har arbeidd gjennom fagforeiningane fordi vi er overtydde om at berre eit grasrotoprør kan tvinge fram den statlege styringa og kraftavtalen som er nødvendig for hall B. Høyanger er nærmare hall B no enn for fire år sidan.

Draumen om det nye samfunnet

RV sitt mål er eit samfunn der alle menneske i heile verda har like rettar og plikter – uavhengig av bakgrunn, hudfarge og kjønn. Dette er eit samfunn utan klasseskilje og stengde grenser.

Utviklinga i dag går i motsett retning - klasseskilja blir tydelegare, også med ei regjering som kallast raudgrøn.

RV arbeider difor for eit sosialistisk samfunn der fleirtalet overtek styringa slik at alle kan få det trygt og godt, og ikkje vere avhengige av konjunkturar og budsjett-svingingar.

I eit slikt samfunn vil ansvaret for arbeidsplassane og kommunen si utvikling ikkje vere hjå private aktørar, men hjå ein stat som styrer etter prinsippet om utjamning og demokratisering. I eit slikt sosialistisk samfunn skal born, ungdom, vaksne og eldre derfor føle seg heilt trygge på velferds- og hjelpe-tenester, og fellesskap, i alle fasar av livet.



Ein liten gut må spele for småpengar til mat på den greske ferieøya Kreta. Er det slik vi vil ha samfunnet vårt? Foto: Geir Bjarte Hjølland

Følg valkampen på nett!
raudtval.blogg.no

RØYST RAUDT - RØYST RV

www.pdf-arkivet.no (2020)

Høyanger RV si valliste 2007

1. Einar Rysjedal
2. Geir Bjarte Hjetland
3. Randi Aven
4. Ottar Uglum
5. Ingunn Kandal
6. Arild Ullebø
7. Eli Gudvangen
8. Anders Myren
9. Myriam Delgado Torres
10. Vidar Halvorsen
11. Unni Iversen
12. Kristian Varden Gjerde
13. Hilde Raknerud
14. Egil Michael Haaland
15. Erik Frivik Presthaug
16. Espen Dregelid Gunnarskog
17. Hildur Halvorsen
18. Ingrid Humlen Espe
19. Ivar Orvedal
20. Jan Sæbø
21. Kay-Ole Aven Ullebø
22. Lisbeth Dregelid
23. Magnar Wøien
24. Mathias Hatlestad Larsen
25. Per Martin Gudvangen
26. Reidun Håland
27. Siv Kvamme



Einar Rysjedal
tlf. 99 24 12 76
gautekaten@online.no




Geir Bjarte Hjetland
tlf. 97 51 31 64
geir.bjarte.hjetland@pow.no



Randi Aven
tlf. 90 88 11 48
randi.av@online.no



Ottar Uglum
tlf. 47 05 05 71
ottar.uglum@eninvest.net



Ingunn Kandal
tlf. 46 47 77 23
inkan@online.no



Arild Ullebø
tlf. 47 63 07 10
inganvi@online.no

Røyst RV inn på fylkestinget

RV stiller også liste ved fylkestingsvalet.
Du finn både program og valliste på
heimesida: <http://www.sfj.rv.no>
Der vil du og finne peikar til Høyanger RV og
høve til å melde deg inn.

RØYST RAUDT - RØYST RV